

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for
Brokefjell (utviding), Kviteseid og Seljord
kommunar

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
november 2024

Innhold

| | |
|--|---|
| 1. FORSLAG | 3 |
| 1.1 Heimelsgrunnlag | 3 |
| 1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget | 3 |
| 1.3 Andre interesser | 5 |
| 1.4 Planstatus | 5 |
| 2. SAKSHANDSAMING..... | 5 |
| 2.1 Sakshandsamingsprosessar | 5 |
| 2.2 Forholdet til utredningsinstruksen | 6 |
| 2.3 Forvaltningsmynde | 6 |
| 3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN | 6 |
| 3.1 Namn | 6 |
| 3.2 Avgrensing | 6 |
| 3.3 Verneforskriftene | 6 |
| 4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK | 7 |
| 5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR | 8 |
| 5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar | 8 |
| 5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar | 8 |
| 5.3 Avveging skogvern – skogbruk..... | 8 |
| 5.4 Forvaltningsmynde | 9 |
| 6. Skildring av området med merknader | 9 |
| 1. Brokefjell (utviding), Kviteseid og Seljord kommunar | 9 |

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av utviding av eksisterande Brokefjell naturreservat i medhald av naturmangfoldloven (lov om forvaltning av naturens mangfold). Området er utviding av eksisterande Brokefjell naturreservat. Utvidingsarealet ligg i sin heilheit i Kviteseid kommune.

Tilrådinga omfattar 15712 dekar nytt verneareal. Totalt skogareal er 10818 dekar, og av dette er 9429 dekar produktiv skog. Skogdata er levert frå NORSKOG og areal er rekna ut frå UTM sone 33. Areal for eksisterande Brokefjell naturreservat er 10910 daa slik at totalt areal etter utvidinga blir 26622 daa.

Området som blir foreslått verna, er:

1. Brokefjell i Kviteseid og Seljord kommunar, Telemark fylke

1.1 Heimelsgrunnlag

Områda blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Områda blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjør ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Området vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det føreslegne verneområdet inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av områda bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det føreslegne verneområdet har stor variasjon og rikt artsmangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av artsmangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av områda vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, som ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar.

I denne verneplanen er verneverdiane for området mellom anna knytt til gammal barskog, rike blandingsskogar og to raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå:

Midteng, R. 2021. Naturverdier for lokalitet Brokefjell NR (utv.), registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. Asplan Viak.

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er fyrst og fremst hogst med tilhøyrande vegar. Hyttebygging kan og sjåast på som ein potensiell påverknadsfaktor. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døye ut.

Verneforskriften opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og der den som skadar miljøverdier betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i områda vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskriftene kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypane, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldsloven kapittel II, blir det vist til omtalen av Brokefjell i kapittel 5.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Kraft og energi:

Det går ikkje kraftleidningar i området. Telemark Nett AS er områdekonsesjonær og har ikkje kome med uttale til høyringa. Telemark Nett AS kom med uttale til oppstartsmeldinga, men uttala gjaldt eit område i Kviteseid og Tokke, kalla Raudbergnuten som Statsforvaltaren no har ute på høyring.

Verneforslaget grensar til Bandak reguleringsmagasin. Reguleringsmagasinet er drifta av vasskraftverket Hogga som er eigd av Statkraft AS. Skiens Brukseierforening er tiltakshaver av reguleringsmagasinet. Statkraft har kome med uttale til verneforslaget, sjå kapittel 5.1.

Det er ikkje registrert kraftpotensial (digitalt småkraftpotensial) innanfor verneforslaget, jf. NVE sin kartinnsynsløysning.

Vegar og stiar

Det finst ein skogsbilveg som delar seg i to inne i verneforslaget, fleire traktorvegar og stiar innanfor verneforslaget. Skogsbilvegen har vore bygd som ein driftsveg for uttak av tømmer, men nyttast i dag berre i samband med jakt. Grunneigar har via NORSKOG ønskje om å kunne rydde skogsbilvegen inntil 10 meter på både sider frå senter av vege. Bakgrunnen er å kunne fjerne vegetasjon (vindfall og snobrekke) som kan bli eit hinder for framkomst langs vege. I vernekartet kallast traséen for skogsbilvegen berre for veg.

Mineral

Det er ikkje registrert mineralførekomstar innanfor verneforslaget, men NGU seier i sin uttale at det rett i utkanten av verneforslaget (nordleg del) finst to kopar-registreringar og ei registrering av pegmatittisk feltspat, sjå kapittel 5.1.

1.4 Planstatus

Arealet i dette verneforslaget er avsett som LNFR-område i sin arealplan.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

| Namn | Tilbod | Oppstart | Høyring |
|------------|------------|------------|------------|
| Brokefjell | 07.02.2020 | 19.05.2023 | 04.07.2024 |

Tilbodet har kome inn som frivillig vern av skog frå grunneigar gjennom NORSKOG.

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss verna ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaget vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslag for dei enkelte områda frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjord endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmynde

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet.

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

I oppstartsmeldinga vart namnet Brokefjell utviding med Brakandalen bruka. I høyringa har ein berre kalla området for utviding av Brokefjell.

3.2 Avgrensing

Frå oppstart og fram mot høyring vart det gjort endringar av vernegrensene i den vestre delen av verneforslaget. Det er teke inn noko meir areal. Målet var å få til ein betre arrondering.

3.3 Verneforskriftene

Det er i samband med høyringa gjennomført ei endring av verneforskrifta. Det har vore naudsynt sidan den gjeldande forskrifta blei vedteke i 1993. Forslaget til verneforskrift følgjer Miljødirektoratet sin mal. Forskrifta som var på høyring var for dårleg gjennomarbeida slik at det har vore naudsynt å foreta endringar. Følgjande endringar er gjort etter høyring:

- I § 4 bokstav d er teksten endra frå:

«vedlikehald av eksisterande bygningar, skogsbilvegar/traktorvegar, stiar og andre anlegg og innretningar i samsvar med standard på vernetidspunktet»

Ny tekst lyder slik:

«vedlikehald av eksisterande hytte, veg, traktorvegar og stiar i samsvar med standard på vernetidspunktet»

- § 4 bokstav e er teke ut og erstatta med § 7 bokstav g. Teksten er endra frå:

«rydding av vegetasjon inntil to dekar rundt eksisterande hytte på gbnr 17/10, 22/1 i Seljord kommune»

Teksten er endra til:

«hogst av ved i ei sone på inntil 2 daa ved hytte på gnr./bnr. 17/10, 22/1 i Seljord kommune»

Endringa er gjort med bakgrunn i at grunneigar ønskjer å take ut ved til hytta. Rydding av vegetasjon blir difor feil skildring av føresegna.

- I § 6 bokstav b er *skogsbilveg* erstatta med *veg*.
- § 6 bokstav c er følgjande tekst teke ut:

«motorferdsel på bilvegar i reservatet i samband med bruk og tilsyn av eigedommar»

- I § 6 bokstav b og § 7 bokstav c er ordet *villsvin* teke ut.

- Føresegn i § 6 bokstav d er flytta til § 7 bokstav h. I tillegg er det lagt til gnr./bnr. som hytta høyrer til:

«naudsynt motorferdsel for transport av ved, materialar og utstyr til eksisterande hytte på gnr./bnr. 17/10, 22/1»

- I § 7 har vi lagt til ei føresegn som var gløymt ved høyringa. Følgjande tekst er lagt:

naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 bokstav d, e og f og § 7 bokstav a, d og f.

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGARE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir foreslått oppheva som følge av den nye verneplanen:

1. Forskrift 09.07.1993 nr.707 om vern av Brokefjell naturreservat, Seljord og Kviteseid kommuner, Telemark

5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVEN SAR

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunane avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde (LNFR-område). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomført som del av verneplanprosessen. I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi. Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige mogleighetene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfyljing av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følge av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde oppe verneverdiane. På noverande tidspunkt kjenner ein ikkje til at det vil

vere behov for å restaurere natur i området. Statsforvaltaren har sjekka databasar for å sjå om det finst framande artar i området. Ingen framande artar er kjend i området.

5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Området som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Området blir derfor ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet .

5.4 Forvaltningsmynde

Verneområdet ligg i to kommunar, og det er difor ikkje aktuelt med tilbod til kommunane om forvaltningsmynde for området.

6. Skildring av området med merknader

1. Brokefjell (utviding), Kviteseid og Seljord kommunar

Totalareal 15712 dekar.

Skogareal totalt 10818 dekar.

Produktiv skog 9429 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit brannpåverka og urskogsprega storområde som representerer ein bestemt type natur i form av høgareliggande barskog, rasmarskog og sumpskog. Området har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn mykje død ved, og har sjeldne og trua artar av karplanter, lav, sopp og insekt.

Teksten om verneverdiar er henta frå kartleggingsrapporten som er skriva på bokmål.
Statsforvaltaren har ikkje oversatt den til nynorsk.

Brokefjell er et område med stor topografisk variasjon og ligger i nordboreal (25%), mellomboreal (50%) og sørboreal (25%) vegetasjonssone hvor det meste ligger i svakt oseanisk vegetasjonssone.

Områdets skogareal er dominert av ulike fattige furudominerte lyngskogar. Det vestlege området er fuktigare med eksposisjon mot vestlege vindretningar. Granskog finst i fuktige søkk, og treslaget veks òg inn i undersjiktet i dei frodigaste furudominerte typene. Det er i det meste av området lite lauvskog. Unntaket er dei bratte sørvendte lisdene i mot Kviteseidvatnet. Her er krevjande artar av

karplantar vanleg og treslagsblandinga er stor med bl.a. alm (VU), ask (VU), lind, selje, rogn, gråor, osp, hassel, spisslønn og litt svartor.

Furuskogen har i all hovudsak vore plukkhogd éin eller fleire gonger, men mykje tungt tilgjengeleg terreng har medført at området totalt sett har nokså god kontinuitet i dødved av furu, og er blant dei minst påverka høgareliggjande furuskogsområda i Telemark. Urskog og urskogs nærskog vart funnen eitt par stader (to kjerneområde). Ein finn spreidd og jamt liggjande og ståande dødved av furu, der mykje av dette er gammal keloved (brannstubbar).

Det er i alt registrert 8 kjerneområder med særlig verdifulle skogsmiljø, herunder gammel granskog (tre kjerneområder), gammel furuskog (ett kjerneområde), lavlandsblandingsskog (to kjerneområder), rik edellauvskog og rik sumpskog, kildeskog og strandskog. Fem kjerneområder er vurdert som svært viktig (A-verdi) og tre kjerneområder er vurdert som viktig (B-verdi). I tillegg er rødlistede naturtyper som rik sumpskog (NT) og rik edellauvskog (NT) registrert i området.

Totalt 23 raudlistearter er påvist under kartlegginga, mellom anna éin sterkt truet (EN), ni truet (VU), og 13 nær truet (NT). Raudlistearter er etter Norsk raudliste av 2015. Tretåspett blei registrert under kartlegginga. Arten er på raudlista av 2021 (NT).

Tabell 1. Oversikt over alle raudlista artar innanfor tilbodsområdet i medhald av Norsk raudliste frå 2021, som omfattar tidlegare registreringar og dei som blei funne ved kartlegginga i 2020.

| Norsk navn | Vitenskapelig navn | Kategori | Artsgruppe | Funndato |
|--------------------|---------------------------------------|-------------------|--------------|------------|
| bergperikum | <i>Hypericum montanum</i> | Nær truet (NT) | Karplanter | 26.09.2018 |
| blanknål | <i>Calicium denigratum</i> | Nær truet (NT) | Lav | 31.07.2020 |
| eggegul kjuke | <i>Perenniporia tenuis</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 25.09.2018 |
| flekkgrisøre | <i>Hypochoaeris maculata</i> | Nær truet (NT) | Karplanter | 26.09.2018 |
| furustokkjuke | <i>Phellinus pini</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 31.07.2020 |
| gubbeskjegg | <i>Alectoria sarmentosa</i> | Nær truet (NT) | Lav | 02.08.2020 |
| hvit vedkorallsopp | <i>Lentaria epichnoa</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 26.09.2018 |
| kelolav | <i>Ramboldia elabens</i> | Nær truet (NT) | Lav | 02.08.2020 |
| kjøttkjuke | <i>Leptoporus mollis</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 24.08.2009 |
| lind | <i>Tilia cordata</i> | Nær truet (NT) | Karplanter | 26.09.2018 |
| ospehvitkjuke | <i>Antrodia pulvinascens</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 26.09.2018 |
| rosenkjuke | <i>Fomitopsis rosea</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 31.07.2020 |
| rynkeskinn | <i>Phlebia centrifuga</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 01.01.1999 |
| stjernetistel | <i>Carlina vulgaris</i> | Nær truet (NT) | Karplanter | 24.08.2009 |
| svartsoneskjuge | <i>Phellinus nigrolimitatus</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 01.01.1999 |
| taigapiggskinn | <i>Odontium romellii</i> | Nær truet (NT) | Sopper | 24.08.2009 |
| tretåspett | <i>Picoides tridactylus</i> | Nær truet (NT) | Fugl | 02.08.2020 |
| | <i>Stagetus borealis</i> | Nær truet (NT) | Biller | 02.08.2020 |
| | <i>Cis submicans</i> | Nær truet (NT) | Biller | 24.08.2009 |
| alm | <i>Ulmus glabra</i> | Sterkt truet (EN) | Karplanter | 26.09.2018 |
| ask | <i>Fraxinus excelsior</i> | Sterkt truet (EN) | Karplanter | 26.09.2018 |
| bårlind | <i>Taxus baccata</i> | Sårbar (VU) | Karplanter | 02.08.2020 |
| hårkjuke | <i>Funalia trogii</i> | Sårbar (VU) | Sopper | 25.09.2018 |
| karminkjuke | <i>Hapalopilus ochraceolateritius</i> | Sårbar (VU) | Sopper | 24.08.2009 |
| knuskkjukemøll | <i>Scardia boletella</i> | Sårbar (VU) | Sommerfugler | 26.09.2018 |

| | | | | |
|---------------------|-----------------------|-------------|--------|------------|
| kokstrompetsopp | Craterellus cinereus | Sårbar (VU) | Sopper | 24.08.2009 |
| mjuktjafs | Evernia divaricata | Sårbar (VU) | Lav | 02.08.2020 |
| mørk brannstubbelav | Carbonicola myrmecina | Sårbar (VU) | Lav | 02.08.2020 |
| ospepiggsinn | Radulodon erikssonii | Sårbar (VU) | Sopper | 25.09.2018 |

Brokefjell er et av de mest verdifulle kjente furuskogsdominerte områdene i Telemark, særlig sett i sammenheng med eksisterende reservat. Området vurderes å være nasjonalt verdifullt (***)).

Lokaliteten har høy mangelloppfyllelse på mangelnaturtyper i Telemark (gammel furuskog, gammel granskog, rik blandingskog i lavlandet). Den har også høy mangelloppfyllelse på biologisk gammel skog ved store arealer med gammel furuskog og i tillegg over 250 dekar i sørboreal sone med trolig like mye areal høyproduktiv skog. Området har også høy mangelloppfyllelse på storområder, men dette sett i sammenheng med eksisterende reservat. Samlet har området høy mangelloppfyllelse på mangler i skogvernet.

Brokefjell ligg gunstig til i forhold til nærliggande verneområder og utveksling av artar. I sør ligg det tre verneområder med Fisketjønnjuvet naturreservat nærast. Avstanden mellom dei er om lag 1,3 km. På andre sida av vassdraget ligg Ånås som er tilrådd til Miljødirektoratet i oktober 2024. Sør for Ånås ligg det store verneområdet Grytdalen naturreservat. Noko lenger unna finst det fleire naturreservat, som saman med Brokefjell naturreservat utgjer eit større økologisk nettverk. I desse områda finn ein tilsvarende naturtypar, men og andre. Statsforvaltaren vurderer at moglegheitene for spreining er tilstades for fleire artsgrupper.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Det er ein skogsbilveg innanfor verneforslaget, fleire traktorveggar og to stiar. Ellers er det ingen kjente tekniske inngrep.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen blei sendt på høyring saman med fire andre område i Telemark. Nedanfor er det lista opp mottakarar for alle desse fem områda. Mottakarlista omfattar grunneigarar i Brokefjell (ikkje med her), og lokale, regionale og sentrale lag, foreiningar, organisasjonar og etatar. Følgjande mottakarar har motteke høyringa:

Telemark fylkeskommune, Kviteseid kommune, Seljord kommune, Naturvernforbundet i Vest-Telemark, Bø turlag, Bø løypelag v/ Thorkildsen, Gvarv turlag, Midt-Telemark sopp- og nyttevekstforening, Bø Orienteringslag, Bø skogeierlag, Bø klatreklubb, Sauherad jeger- og fiskeforening, Seljord skogeigarlag, Seljord turlag, Seljord jakt- og fiskelag, Sundsbarm Kraftverk DA, Kviteseid Jeger- og Fiskeforening, Kviteseid løypelag, Kviteseid turlag, Kviteseid skogeierlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, Birdlife Indre Telemark v/Kjell Bitustøyl, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Telemark Nett AS, Føre AS, Midt-Telemark Energi AS, DE Nett AS, Akershus Energi Vannkraft AS, Lede AS, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening, Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap, Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv,

Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Foreining, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Foreining, NSB hovedadm., NTNU, Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU, Ringve botaniske have, NTNU, Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det har kommet inn 11 høyringsfråsegner til verneforslaget.

Språkrådet viser i sin uttale til sin tilråding dagsett 01.06.2023, og har ingen merknader til at namnet Brokefjell naturreservat blir vidareført på det utvida verneområdet. Dei gjer merksam på at namnet på det eksisterande naturreservatet framleis ikkje er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Kartverket viser til Språkrådet som i sin tilråding datert 10.07.2024, skriv at ikkje Brokefjell naturreservat i Seljord og Kviteseid kommunar var registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR). Vidare skriv Kartverket at dei nå har registrert naturreservatet i SSR, på bakgrunn av forskrift om naturreservat, Seljord og Kviteseid av 09.07.1993.

Lede AS seier at dei ikkje har områdekonsesjon i Seljord eller Kviteseid kommune, der utvidinga av verneområdet for Brokefjell naturreservat er tenkt gjennomført. Dei ber difor SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonær, Telemark Nett AS, for uttale. Lede har ikkje anlegg som er etablert etter anleggskonsesjon innanfor kommunen. Vidare seier Lede AS at det ikkje ligg føre planar om utvikling av regionalnettanlegg nær ved det føreslegne verneområdet.

Bane NOR har ingen merknader.

Norges Geologiske Undersøkelse uttalar følgjande:

«Rett i utkanten av forslaget til den nordlege utvidinga av Brokefjell naturreservat har NGU to koparregistreringar og ei registrering av pegmatittisk feltspat. I DMF sitt fråsegn er dei referert til som Einangsdalen (kopar) og Eiangstølen (feltspat).

Dei to kopar-registreringene kalt "Einangsdalen" motsvarar truleg gamle Eiang gruve og Eiang skjerp i nærleiken av Eiangstaul. Det var prøvedrift på Eiang gruve på midten av 1800-talet, men etter det har dei fått lite merksemd. Eit forsøk på å finne att gruva i 1961 var mislukka.

Feltspat-registreringa "Eiangstøl" har det dessverre ikkje vært mogleg å finne meir informasjon om. Det er nemnd i eldre litteratur at Eiang gruve og Eiang skjerp opptre i samband med pegmatittiske feltspathaldige gangar. Frå pågåande berggrunnskartlegging i Telemark (NGU 2024) er det godt kjend at det finst ei rekke små pegmatittar i området. Sjølv om både kvalitet og kvantitet på feltspaten ved Eiangstøl er ukjend, er det svært få, om nokre av pegmatittane i området som er av en storleik som vil være av interesse å utvinne i dag dersom kvaliteten skulle være rett.»

Statnett seier at verneforslaget ikkje kjem i konflikt med deira anlegg eller framtidige planar.

Forum for natur og friluftsliv Telemark har kome med ein generell uttale til den felles høyringa, der dei ikkje har gitt konkret uttale til det einskilde område som var på høyring.

Direktoratet for mineralforvaltning uttaler følgjande:

«I DMF sin fråsegn til oppstart opplyste vi om det føreslegne verneområdet sin berøring med dei registrerte mineralførekomstane Eiangstøl1 og Einangsdalen2. Vi forventa at det blei innhenta meir kunnskap om førekomstane med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning. NGU informerer om at kopar-registreringane Einangsdalen truleg svarar til ei gamal gruve og skjerp kor det var prøvedrift på 1800-talet. Forsøk på finne att gruva i 1961 var mislykka. Feltspat-registreringa Eiangstøl har det ikkje vore mogleg å finne meir informasjon om. Kvalitet og kvantitet på feltspaten ved Eiangstøl er ukjent men NGU skriv at det er svært få, om nokon, av pegmatittane i området som er av ein storleik som vil vere av interesse å utvinne i dag sjølv om kvaliteten skulle vere god nok. DMF vurderer derfor at førekomstane ikkje er til hinder for å gå vidare med verneprosessen. Det bør likevel gå fram av tilrådinga at informasjonen frå NGU ligg til grunn for vurderingane av verknadene av å opprette naturreservatet.»

Grunneigar Nicolay Benjamin Aall på eigedom gnr./bnr. 17/10 og 22/1 uttaler at det er viktig for han å oppretthalde tilgang, bruk og vedlikehald av hytte på hans eigedom, og moglegheit for å drive jakt på det arealet som er del av hans eigedom. Han viser og til at gjeldande forskrift ga han moglegheit til å hogge ved til hytta. Her viser han til ein godkjent plan for det, referert i den gjeldande forskrifta i kapittel VI punkt 3. Aall seier at han ikkje syntest dette var ein god ordning. Aall viser vidare til forslag til forskrift i høyringa der han no vil måtte søkje om å take ut ved til hytta. Han stiller spørsmål ved om dette eigentleg er ein god løysning.

Han spør og om ATV reknast som eit køyretøy som sett varige spor i terrenget og viser til at det er vanleg å nytte ATV for å frakte ut felt storvilt.

Norges vassdrags- og energidirektorat seier at det ikkje er nettanlegg i området. NVE har sendt kopi av sin uttale til Telemark Nett AS som er områdekonsesjonær og ber om at dei uttalar seg om eksisterande om planlagde prosjekter i området. Vidare seier NVE at verneområdet grensar til høgaste regulerte vasstand (HRV) for reguleringsmagasinet Bandak som er nytta av vasskraftverket Hogga som er eigd av Statkraft AS. Vidare seier NVE at Skiens Brukseierforening er tiltakshavar. Dei ber Statkraft og Skiens Brukseierforening om å uttale seg om det er behov for rydding av vegetasjon eller motorisert transport i verneområdet. Dei ber og om dei vurderer om det kan vere aktuelt med en auke av HRV i framtida.

Statkraft Energi AS seier at dei støttar opp om NVE sin uttale på vegne av dei, og vil minne om at det må takast inn føresegner slik at dei som regulant har lov til å drifte/vedlikehalde og ta seg inn til reguleringsområdet med motorisert ferdseil. Dei ber og om å få moglegheit til å rydde skog om det er naudsynt.

Landbruksdirektoratet har ikkje kome med innspel til høyringa, men har kome med innspel til oppstartsmeldinga. Dei har kome med nokre generelle innspel som gjeld traktorvegar og ferdseilvegar, og merking og rydding av slike, stølar/seterområde, beiting og reindrift. Landbruksdirektoratet skriv vidare at dei går ut frå at Statsforvaltarens landbruks- og reindriftsfagleg kompetanse blir involvera i utforming av forskrift og verneplan.

Forsvarsbygg kom ikkje med høyringsuttale til Brokefjell, men ga uttale til oppstartsmeldinga. Forsvarsbygg ga uttrykk for at dei ikkje så nokon konflikthar med verneforslaget, og bad om at det blei teke naudsynete unnatak for militær operativ verksemd. Forsvarsbygg bad vidare om at det særskilte unnataket for avgang og landing med Forsvaret sine luftfartøy blei teke med i forskrifta, for å ivareta omsynet til militær luftoperativ verksemd. Forsvarsbygg har ingen ytterlegare merknader til verneforslaget.

Statsforvaltarens kommentarar:

Når det gjeld uttale frå Lede AS så har Telemark Nett AS fått alle dokumenter til høyringa, men Statsforvaltaren har ikkje motteke uttale frå dei, på tross av at NVE og har bedt dei uttale seg om eksisterande og framtidige planar i området.

Når det gjeld uttale frå NGU og DMF tar vi uttalene til etterretning.

Når det gjeld innspel frå grunneigar Nicolay Benjamin Aall om å ha moglegheit til å hogge ved til hytte i eksisterande Brokefjell naturreservat, så låg det inne i forskrifta ein moglegheit for uttak av ved i medhald av plan godkjent av forvaltingsmynda (kapittel VI punkt 3). Statsforvaltaren vurderer at det ikkje er aktuelt å utarbeide ein ny plan for uttak av ved, og difor blei det høyrd på eit forslag om uttak av ved i § 7 bokstav g der ein må søkje. Ved handsaming av slike søknadar er det vanleg å gi løyve for fleire år om gangen. For eksempel kan eit slik løyve gis for fem eller opp til ti år om gangen. Statsforvaltaren vil i handsaminga av ein slik søknad anbefale at ein tek ut lauvtre av mindre dimensjonar og unngår gamle bartre innanfor ei sone på inntil 2 daa rundt hytta. Statsforvaltaren har ikkje valt å teikne inn ein slik sone i vernekartet. Statsforvaltaren meiner og at forsiktig uttak av ved ikkje vil true verneverdiane eller kome i konflikt med verneføremålet. Etter dette har Statsforvaltaren foreslått følgjande tekst for § 7 bokstav g:

«hogst av ved i ei sone på inntil 2 daa ved hytte på gnr./bnr. 17/10, 22/1 i Seljord kommune»

Når det gjeld innspelet frå Aall om bruk av ATV til jakt, vil Statsforvaltaren presisere at ATV kan etter § 6 punkt b berre brukast på vegar. ATV er ikkje bland køyretøy som en reknar ikkje set spor i terrenget, men ein kan i medhald av § 7 bokstav c søkje om bruk av anna køyretøy enn lett beltekøyretøy. Her kan ATV vere eit aktuelt køyretøy, men under føresetnad av at det er montert belter på den slik at den flyter oppå marka utan å avsette varige spor.

Når det gjeld uttala frå NVE som ber om at Telemark Nett AS uttalar seg om eksisterande og planlagde prosjekter. Telemark Nett AS og Statkraft sto på høyringslista. Statsforvaltaren har ikkje motteke fråsegn frå Telemark Nett AS. Telemark Nett AS kom med uttale til oppstartsmeldinga, men den omfatta berre utvidinga av Storskog naturreservat i Kviteseid og Tokke (Raudbergnuten).

Når det gjeld uttale frå Statkraft Energi AS som ber om moglegheit for motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald og naudsynt rydding av skog så anser Statsforvaltaren at behovet for slike tiltak i dette området må vere små. Difor viser Statsforvaltaren til forskrifta § 8 for generelle dispensasjonsreglar der ein kan søkje om løyve til samfunnsviktige tiltak.

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at vi ikkje kjenner til at det ligg støl/sæterområde innanfor verneforslaget, men at det er teke høgde for det og dei andre innspela i verneforskrifta.

I samband med uttala frå Forsvarsbygg har Statsforvalteren innarbeidd omsyn til Forsvarets aktivitetar i forskrifta for Brokefjell, jf. § 6.

Når det gjeld ønskje frå grunneigar på gnr./bnr. 23/2 om rydding av vegetasjon langs skogsbilveg (sjå kapittel 1.3), så er det slik at ein i forskrifta med vedlikehald meiner tiltak eller arbeid for å halde vegen ved like og oppretthalde den etter ein standard som på vernetidspunktet. Eventuelt vindfall eller snøbrekk som hindrar framkomsten på vegen kan fjernast i samsvar med standard føresegn om vedlikehald, men dette omfattar ikkje førebyggjande rydding i fast bredde slik vi oppfattar denne saka. Bruken av vegane vil ha betydning for kva som er naudsynt rydding. Det er ikkje ønskjeleg å legge inn ein fast sone/tilleggsføresegn som går ut over vanleg vedlikehald. Statsforvaltaren har forstått at det er Miljødirektoratets vurdering i slike saker.

Namn

Statsforvaltaren tilrår navnet Brokefjell som i høringsforslaget.

Avgrensing

Statsforvaltaren tilrår avgrensinga som i høringsforslaget.

Verneforskrift

Statsforvaltaren tilrår verneforskrifta med dei endringane som er gjort etter høyring.

Statsforvaltarens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift som beskrive og med vernekart som i høringsforslag.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for utviding av Brokefjell, Kviteseid og Seljord kommunar

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner